



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Barne- og ungdomsarbeidar/assistent, skule og SFO - vikariat

### Stillingsinformasjon

Det er frå 07.03.2017 til 04.12.2017 ledig 73% stilling som barne- og ungdomsarbeidar/assistent ved Sagstad skule/SFO. Stillinga er eit vikariat og vil vere knytt til arbeid med elevar med særskilde behov.

### Arbeidsplass

Sagstad skule er ein barneskule med 390 elevar som ligg i kort avstand frå kommunesenteret Frekhaug. Det er god kollektivtransport til og frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen er under ½ time. Skulen har stort fokus på eit godt og inkluderande miljø, både blant elevar og dei tilsette.

### Arbeidsoppgåver

Assistent i skule og SFO for elevar med særskilde behov.

### Kvalifikasjonskrav

- Barne og ungdomsarbeidar eller anna relevant utdanning er ønskjeleg.
- Erfaringar med born med særskilde behov vil bli vektlagde.
- God evne til sjølvstendig arbeid samtidig som ein fungerer godt i eit team.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.03.2017

Utlyst dato 21.02.2017

Vårref

646/17

### Kontaktperson

Magne Lædre, Rektor, tlf: 56171310, magne.laendre@meland.kommune.no